

Skjemainformasjon

Skjema	Søknadsskjema for museumsprogrammer 2015
Referanse	1005711
Innsendt	30.04.2015 11:36:01

Opplysninger om søker

Søker

Navn på organisasjonen	Ryfylkemuseet
Institusjonens leder	Sveinung Søyland Moen
Postadresse	Nordenden 14
Postnr / Poststed	4230 SAND
Tlf. til organisasjon	52792950
E-post til organisasjon	post@ryfylkemuseet.no
Prosjektets kontaktperson	Grete Holmboe
Tlf. til kontaktperson	48001359
E-post til kontaktperson	grete.holmboe@ryfylkemuseet.no
Nettside	http://www.ryfylkemuseet.no
Org. Nr	970916482

Opplysninger om prosjektet

Prosjekt

Søknaden gjelder

Samlingsforvaltning

Tittel på prosjektet

Prioritering i bygningssamlinga

Sammendrag av prosjektet

Ryfylkemuseet eig 76 bygningar og sette alt i 2013 i gang eit arbeid for å få eit betre oversyn over tilstanden og eit grunnlag for prioritering. Dette kom vi ikkje tilfredsstillande i mål med fordi vi mangla relevant verktøy. I mellomtida har vi vore aktivt med i utvikling av metoden for prioritering i bygningssamlingar, og ønskjer nå å prøve ut denne metoden. Som nav i Byggnettverket kjenner vi eit ansvar for å vera i front i arbeidet med forvaltning av bygningssamlingar ved musea.

Mål med prosjektet

Målet er å få god oversikt over bygningssamlinga, og eit grunnlag for prioritering av vedlikehald og forvaltning av bygningane. Eit viktig delmål er å utvikle kompetanse i bruk av systematiske verktøy for vurdering av samlinga. Eit anna å auke medvitet om verdien av samlinga, både internt og eksternt, og legge eit grunnlag for ei kunnskapsstyrt utvikling av samlinga.

Beskrivelse av prosjektets overføringsverdi

Ryfylkemuseet er nav i Byggnettverket, og har like sidan etableringa av nettverket lagt stor vekt på å fremje interesse for og kunnskap om dokumentasjon av bygningssamlingane. Med utgangspunkt i eiga samling meiner vi at vi vil ha eit godt grunnlag for formidling av erfaringar frå eit slikt prosjekt i nettverket.

Prosjektbeskrivelse

Bygningssamlinga ved Ryfylkemuseet er bygt opp i perioden 1936-2010, med den mest aktive innsamlingsperioden i 1950- og 1960-åra.

Ved utgangen av 2014 utgjorde bygningssamlinga 76 bygningar plassert på 15 ulike stader. Det særmerkte ved bygningssamlinga til Ryfylkemuseet er at dei aller fleste husa står på sine opphavlege tufter. Dei fleste stader er også kulturlandskapet kring bygningane intakt.

Ei overvekt av bygningane har opphav i det gamle bondesamfunnet, men det er også innslag av bygningar frå kyst-/fiskarsamfunn, industri og offentleg verksemd. Ettersom bygningane står i sitt opphavlege miljø, er dei fleste uthusa som hørte miljø til bevarte. Museet var utan fast personale i 40 år før den første konservatoren blei tilsett på deltid i 1975. Først på 1980-talet blei det muleg å engasjere ein handverkar på fulltid til å arbeide med bygningane. Da var det store etterslep av vedlikehaldoppgåver.

I 1995 lukkast vi med å etablere eit prosjekt kalla "Bygningsvern i Ryfylke", som skulle ha som eit av sine viktige formål å styrke kompetansen i bygningsvernet. Vi har lagt stor vekt på arbeidet med framhenting, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne kunnskapen.

I 2004 var vi med og etablerte Byggnettverket, og blei peika ut som nav i dette nettverket. Byggnettverket har lagt ned stor energi i arbeidet med å betre dokumentasjonen av bygningssamlingane, og det blir gjort med samlingane på musea. I 2008 utarbeidde vi, på vegner av Byggnettverket, og med støtte frå ABM-utvikling ei handbok for bygningsdokumentasjon.

På oppdrag frå Kulturdepartementet utarbeidde vi i 2011 ei utgreiing om bygningsvernet på musea i Rogaland. Utgreiinga viste at det var store manglar både når det galdt dokumentasjon, kompetanse og ressursar i arbeidet med bygningsvernet på musea. Med grunnlag i Riksantikvarens rettleiing for "Verdisetting og verdivekting av kulturminner" starta vi i fjor eit arbeid med ei verdivurdering av våre eigne bygningar. Vi prøvde oss også på ei førebels vurdering av tilstand, konsekvensar av tilstand og behov for tiltak (sjå vedlegg), men tykte ikkje vi kom fram til eit tilfredsstillande resultat. Dette er bakgrunnen for at vi nå ønskjer å prøve ut metoden til Kulturrådet.

Vi tenkjer at det kan vera tenleg å nemne opp ei tverrfagleg gruppe til å leie arbeidet. Her vil vi ha med representantar både for bygningsavdelinga, formidlingsavdelinga og samlingsforvaltninga ved museet.

Med bakgrunn i erfaringane frå arbeidet med tilstandsvurderinga av bygningane ved Anno (Hedmark fylkesmuseum/Glomdalsmuseet) har vi kome fram til eit ressursbehov på minst eitt årsverk. Dei store avstandane og den tugvindte reisinga mellom våre anlegg (fleire ferjestrekningar), gjer at vi reknar noe meir tid i gjennomsnitt pr. objekt enn dei har erfart ved Anno. Vi søker om støtte til å dekke kostnadane med eitt omframtt årsverk. Den tida som går med ut over dette årsverket vil vi dekke gjennom arbeidstida til dei fast tilsette i arbeidsgruppa.

Om vi får det omsøkte tilskottet vil vi starte arbeidet så raskt det er praktisk muleg. I framdriftsplanen har vi forsøksvis ført opp eit arbeidsperiode frå 1. april 2015 til 31. mars 2016. Vi reknar 100-150 effektive dagsverk på tilstandsvurderinga (vi reknar effektive dagsverk etter ein modell for personalavhengige kostnadar utarbeidd av Statskonsult). I tillegg kjem arkivarbeid, systematisering av materialet og prioriteringar.

Prosjektbudsjett

Prosjekt	
Startdato / Sluttdato	01.10.2015 - 30.09.2016
Søknadssum kulturrådet for hele prosjektperioden	821800
Budsjettramme for prosjektperioden	821800

Budsjett for første år		
UTGIFTER		
Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Lønn/overhead	kr 205 500,00
Varer/utstyr		kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre		kr 0,00
Andre utgifter (spesifiser)		kr 0,00
Totale utgifter		kr 205 500,00
INNTEKTER		
Beskrivelse	Tilskudd bekreftet	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<u>kr 205 500,00</u>
Totale inntekter		kr 205 500,00

Kommentar til budsjett neste år

Her er ført opp dei berekna kostnadane for omframtr personale. Vi finn det vanskeleg å ha presis oppfatning av kor mye tid som trengst i tillegg av vårt faste personale for å koma i mål med prosjektet.

Budsjett for andre år		
UTGIFTER		
Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Lønn/overhead	kr 616 300,00
Varer/utstyr		kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre		kr 0,00
Andre utgifter (spesifiser)		kr 0,00
Totale utgifter		kr 616 300,00
INNTEKTER		
Beskrivelse	Tilskudd bekreftet	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<u>kr 616 300,00</u>
Totale inntekter		kr 616 300,00

Kommentar til budsjett neste år

Tilsvarande som for oppstarten i 2015.

Framdriftsplan

Framdriftsplan for hele prosjektperioden

Startdato / Sluttdato

01.10.2015 - 30.09.2016

Fyll ut aktivitetsplan for prosjektet under

Tittel

Fra dato / Til dato

Tilstandsvurdering

01.10.2015 - 30.04.2016

Systematisering og prioritering

01.05.2016 - 30.09.2016

Andre opplysninger

Verken vi eller andre har så presise erfaringar at det er muleg å seia nøyaktig kor lang tid kvar del av prosjektet vil ta, men erfaringane frå Anno tilseier at vi minst må rekne med den samla prosjektida som vi har oppgitt her. Vi reknar i tillegg med eigeninnsats frå fast tilsette i bygningsavdelinga.

Samarbeidspartnere

Samarbeidspartnere

Har du en samarbeidspartner

Vedlegg

Vedlegg

- 1_02_00_Bygningsvern.pdf